

Saksnr: 2019/11-1
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		15.10.2019
Fylkesting		15.10.2019

KS-Val til Landstinget og Fylkesmøtet for perioden 2019-2023**Forslag til innstilling**

1. Følgjande blir valde som delegatar og varadelegatar til Landstinget i KS for perioden 2019-2023:
2. Følgjande blir valde som representantar og vararepresentantar til Fylkesmøtet i KS for perioden 2019-2023:

Samandrag

Etter vedtekter frå KS (Kommunesektorens organisasjon) skal fylkestinget innan oktober månad det året fylkestingsvalget er halde, velja delegatar til Landstinget og representantar til Fylkesmøtet for valperioden 2019-2023. Det skal veljast 8 delegatar til Landstinget og 17 representantar til Fylkesmøtet, inkludert fylkesordføraren.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Bertil Søfteland
leder fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Etter vedtekene for KS skal fylkestinget velja delegatar og varadelegatar til Landstinget og representantar til Fylkesmøtet. Valet gjeld for 4 årsperioden.

Det kan krevjast forholdsval til KS-organ. Ved alle val til KS-organ, lokalt eller sentralt, skal kvart kjønn vera representert med minst 40 % av medlemene.

Ifølge opplysningar frå Statistisk sentralbyrå, befolkningsprofil, var innbyggartalet for Hordaland fylkeskommune pr. 01.01.2019: 524 494 innbyggjarar. Innbyggartalet for Sogn og Fjordane var pr. 01.01.2019, 109 774 innbyggjarar. Dette vert til saman 634 269 innbyggjarar.

1.Landstingsdelegatar:

Fylkeskommunen sine landstingsdelegatar og varadelegatar blir valde for fire år, innan utgangen av oktober månad det året fylkestingsvalet vert halde. Kvar fylkeskommune vel delegatar etter ein skala basert på folketallet pr. 1.1. i valåret. Ved 150.001 eller fleire innbyggjarar skal fylkeskommunen ha fire delagatar.

Det bør veljast like mange vararepresentantar med tillegg av to for kvart parti/gruppering, jfr. vedtektene for KS. § 4.

Landsting i 2020 vert halde i Oslo den 10.-12. februar 2020.

2.Fylkesmøtet:

Fylkeskommunen sine representantar består av fylkesordføraren og 16 fylkestingsmedlemer, Jfr. Vedtekter for KS § 10. Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar samt to ekstra for kvart parti/gruppering.

Konstituerande fylkesmøte i KS Hordaland vil finne stad på Quality Hotel Edvard Grieg, Bergen, den 13.-14. november 2019.

3.Rettsleg grunnlag

Det går fram av vedtektene til KS § 4.3 som gjeld val av landstingsrepresentantar:

«Fylkeskommunens landstingsdelegatar med varadelegatar velges blant Fylkestingets representanter og Fylkesrådene for landtingsperioden innen utgangen av oktober måned det år fylkestingsvalget er holdt, j.fr. § 17 nr. 1 i kommuneloven. Hver fylkeskommune velger delegater etter samlede innbyggertall i fylket pr. 1.1. i valgåret, etter følgende skala.»

For 600 001 til 700 000 innbyggere – 8 delegater.

Det går fram av vedtektene til KS § 10.12 som gjeld fylkesmøtet:

«Hver fylkeskommune velger representanter med varamedlemmer til Fylkesmøtet blant Fylkestingets representanter og Fylkesrådene på bakgrunn av folketallet pr. 1.1. det år val til fylkesting avholdes, etter følgende skala:

For 600 001 til 700 000 innbyggere - 17 delegater.»

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, Jfr. Reglement for Vestland fylkesting punkt 2.4.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Noko effekt. Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

Klima: Ingen direkte verknad.

Folkehelse: Ingen direkte verknad.

Regional planstrategi: Ingen direkte verknad.

Konklusjon

Slike val må gjerast.